



Tingvoll, 12.12.2022

NVE
uttalelse@nve.no

**FRÅSEGN – HØYRING AV SØKNAD OM UTSATT BYGGEFRIST FOR KRAFTVERKENE
MORGÅDALSELVA, RABELVA OG LOFTDALSELVA I RAUMA KOMMUNE**

Dykkar ref. 201208040-51

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal i samarbeid med vårt lokallag i Rauma vil levere fråsegn i saka.

1. Revisjonar av raudlista

I rapporten om biologisk mangfald i saka som fekk konsesjon er det vist til Norsk raudliste for artar 2010, og når det gjeld naturtypar er lista frå 2011. Det har dermed vore fleire revisjonar av raudlistene sidan den tid. Når ein del av kartlegginga av biologiske mangfald går ut på å kartlegge med særleg vekt på raudlista artar og naturtypar, så har dette verknad. Det vil ikkje vere same merksemd på artar som kjem inn på raudlista 10 år seinare. Gjer ein feil på dette, så er det tale om systemfeil. Sjølv gode kartleggarar har vanskar med å få med seg alle artar som ti år etter har kome på raudlista. Dei som kartla i 2012 var ikkje så gode, i alle fall ikkje den gongen.

2. Dårleg førebudd søknad

Ved synfaringa var tiltakshavar opptatt av å finne fram til beste inntaksstad for dei ulike kraftverka. Det var tydelegvis ikkje særleg godt vurdert på førehand. Ved Rabelva var røyrtraseen ganske vag, i tillegg til at terrenget var veldig sidebratt og prega av steinblokkar, slik at inngrepet ville bli spesielt stort. For Morgådalselva var eit tema at transport ikkje ville gå an opp røyrtraseen og at ein måtte ha slyngande veg i lia på ein bit. Eit alternativ som ikkje var særleg godt undersøkt. For Loftdalselva kom det ein revidert søknad. Vidare er det berre delvis gjort biologiske undersøkingar av sjølve elvelauget. Moser og lav er dessutan samla og levert til bestemming av andre, ein metode som systematisk gjer det vanskeleg å påvise ein del sjeldne artar, jf. NVE sin evalueringsrapport i 2015 (Gaarder, G. & Høitomt, T. 2015. Etterundersøkelser av flora og naturtyper i elver med planlagt småkraftutbygging. NVE, rapport 92. 70 s. + vedlegg.)

3. Behov for meir energi – vurdering av sumverknad

Det er meir enn på lenge tale om at vi må ha mykje meir energiproduksjon. Det kan diskuterast om vi må ha meir energi, eller om vi må innskrenke behovet. Legg ein vekt på at vi må ha mykje meir energi, er det nødvendig med ei ny vurdering av sumverknad etter naturmangfaldlova.

§ 10.(økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

Vassdragsnaturen har vore mykje utsett for påverknad, i Rauma ikkje minst. Med ei ny bølge med utbygging, må vurderingane knytt til færre vassdrag som i så fall blir igjen urørte gjerast om igjen. Vi gjer særleg merksam på formuleringa «eller vil bli utsatt for», som må få ei heilt fornya vurdering no. Dette krev samanlikning med andre vassdrag i kommunen/regionen, og vil vere ganske omfattande, særleg viss ein ser for seg at det kan bli svært få vassdrag utan naturleg vassføring.

Desse tre vassdraga har ein kombinasjon av betydelege naturverdiar (og i tillegg eit ikkje undersøkt potensial) i kombinasjon med store friluftslivsverdiar. Viss det kan bli tale om endå fleire vassdrag som kan bli bygd ut, vil slike kombinasjonar auke eit areals verdi.

4. Friluftslivet i Rauma

På det siste tiåret har mykje endra seg når det gjeld friluftsliv og bruk av område i Rauma. Det er truleg nokre titusen fleire fotturistar innom kommunen, og ein del av dei går andre stader enn på Romsdalseggen. Vurderingane for friluftslivet i denne saka treng difor ein revisjon.

5. Høgare krav til kartlegging av natur

Krava knytt til kartlegging av naturen har blitt større i løpet av dei siste 10 åra. Det såg ein mellom anna i prosessen kring rammeplan for vindkraft, der det norske folk ikkje godtok at natur og friluftsliv ofte blir saldert vekk.

Vi kan sjå av Artskart at det er kartlagd noko på sopp etter 2015, og elles er det raudlisteregistreringar frå stien nær planlagd inntaksstad i Loftdalselva frå 2017. Med søknaden som fekk konsesjon er det umogleg å seie kvar det kan bli inngrep i nærleiken av inntaksstaden i Loftdalselva.

KONKLUSJON

Søknaden om forlenga løyve må avslåast.

Viss nokon ønskjer å bygge ut desse vassdraga, er det nødvendig med ny handsaming, mellom anna på grunnlag av ny biologisk kartlegging. Øvre del av Loftdalselva som blir omfatta, øvre og midtre del av røytraseen i Rabbelva og øvre halvdel av Morgådalselva som blir omfatta treng ei vesentleg betre kartlegging enn i 2021. Vidare må friluftslivet sin bruk av området kartleggast på nytt. Sumverknad må også kartleggast vesentleg betre.

Med helsing

Øystein Folden
fylkessekretær